



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
91/19	Komit� for plan og utvikling	03.12.2019
56/19	Kommunestyret	12.12.2019

Detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit -  gotnes Slutthandsaming. Tiltakshavar: Fjell kommune

Samandrag av saka:

Fjell kommune har i samarbeid med Statens vegvesen utarbeida detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 mellom Kolltveit og  gotnes. Reguleringsplanen inng r i delprosjekt 3 i Sotrasambandet; fastlandssambandet Sotra – Bergen og det nord-s rg ande sambandet p  Sotra.

Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for strekninga Kolltveit- gotnes vart vedteken i 2009. Framlegget til detaljregulering tek utgangspunkt i tras valet i kommunedelplanen med f resegner og retningslinjer.

Planframlegget legg opp til ei fullstendig trafikk-l sning p  strekninga og opnar for etablering av ny 4-feltsveg mellom Kolltveit og  gotnes, med planskilte kryss p  Kolltveit og  gotnes, tre bruer over vatn og vassdrag, samt eit milj lokk p   gotnes. Strekninga har ei total lengde p  9,7 km. Planframlegget avvik i fr  KDP, men har bakgrunn i at prognosane for trafikk er endra og eit auka fokus p  lokalsamfunns- og n ringsutvikling i nordre Fjell og  ygarden.

I framlegget til reguleringsplanen er det teke h gde for at ein kan bygge ein 2-feltsveg med midtdelar som eit f rste byggetrinn, men vegen er planlagt som ein 4-feltsveg i tr d med krav i vegnormalane, N100. Utover veg- og trafikkm l for k yrande tek planen omsyn til gang- og sykkeltrafikk p  Kolltveit og  gotnes, samt legg til rette for samfunns konomisk god arealbruk, bustad- og n ringsutvikling.

Planarbeidet har vore omfattande og tildels komplisert. Dokumentasjonen av planarbeidet er ogs  omfattande, og inneheld ei rekkje rapportar, grunnlagsdokument av ulikt slag, eit omfattande kartmateriale m.v. Dette har vore grunnlaget for dei tre hovuddokumenta som den politiske handsaminga prim rt er knytt til; reguleringskarta, planf resegnene og planskildringa.

Planen har lege til offentlig h yring i perioden 14.12.2018 – 1.2.2019. Det kom inn ei rad private merknader til planframlegget og ti offentlig instansar gav attendemelding.

Det har også vore gjennomført ei avgrensa varsling av dei mest omfattande endringane som er gjort i planframlegget etter offentleg ettersyn. Det er ikkje kome merknader til endringane.

Det vart sett fram motsegn mot planen frå Hordaland Fylkeskommune. Motsegna var hovudsakleg grunngjeven med at dimensjonering av veg- og kryssløysingar medfører unødige kostnader og som ikkje er i tråd med arbeidet for nullvekstmålet. Det vart vidare peika på manglande utgreiing av 2-felts veg og plankryssing ved Ågotnes sør.

Det har vore dialog og fleire møte om motsegn mellom Hordland fylkeskommune, Statens Vegvesen og Fjell kommune. I samband med motsegna er det utarbeida tilleggsdokumentasjon som m.a. viser korleis ei to-feltveg med plankryss på Ågotnes sør kan byggjast og kva kostnader ei slik løysing vil medføre.

Hordaland fylkeskommune har vurdert tilleggsdokumentasjonen som tilfredstillande i møte 03.10.2019 og har i brev datert 14.11.2019 trekt motsegna formelt, slik at kommunen kan eigengodkjenne planen.

Dei innkomne merknadene er gjennomgått og er samla i matrise, der ein har referert og gjeve kommentarar til innhaldet i kvar uttale. Nokre av merknadene inneheld framlegg til endringar. Enkelte er av generell karakter, mens dei fleste er presise og konkrete. Rådmannen har, i samråd med vegvesenet, imøtekome nokre av dei.

Hovudmålet med planframlegget er å få ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkåre frå Kolltveit til Ågotnes som er kopla til vegsystem vidare sørover og til Bergen. Det er særleg næringstrafikken til dei store industriområda på Ågotnes, Kollsnes og Sture som krev en ny veg av god standard. Dei samfunnsmessige fordelane ved å få ein ny veg av god standard, samt ringverknadene det kan få for næringsaktivitet og attraktivitet for busetting tett på eit område med høg konsentrasjon av arbeidsplassar vert vurdert som større enn dei negative konsekvensane av planframlegget. Større negative konsekvensar er avgrensa ved avbøtande tiltak.

Reguleringsplanlegginga har vore komplisert og tildels krevjande. Rådmannen er nøgd med planarbeidet og det positive engasjementet som har vore vist frå alle dei kommunen har samarbeidd med, og det planproduktet som no vert lagt fram til slutthandsaming.

Rådmannen har på dette grunnlaget ikkje særlege merknader til planen og rår til at han vert godkjent med dei endringar som går fram av saksutgreiinga.

Innstilling:

Komité for plan og utvikling tilrår:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit - Ågotnes, med plankart revidert 18.11.2019, føresegner revidert 18.11.2019 og planomtale revidert og datert 18.11.2019.

Straume, den 19.11.2019

Steinar Nesse

Hanna Gjesdal

Handsama i Komité for plan og utvikling - 03.12.2019:

Representanten Ivar Einarsen, AP ba komiteen vurdere om han er ugild sidan han er grunneigar og har sendt inn merknad til planen. Komiteen konkluderte med at han er ugild og Jon Olav Hesjedal, AP kom til møtet som vararepresentant.

Representanten Kjell Rune Garlid, SL ba komiteen vurdere om han er ugild sidan firmaet hans er grunneigar i planområdet. Komiteen konkluderte med at han er ugild og Kjersti Turøy, SL kom til møtet som vararepresentant.

Sjefsingeniør Einar Lunde presenterte planen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komité for plan og utvikling - 03.12.2019:

Komité for plan og utvikling tilrår:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit - Ågotnes, med plankart revidert 18.11.2019, føresegner revidert 18.11.2019 og planomtale revidert og datert 18.11.2019.

Handsama i Kommunestyret - 12.12.2019:

Representanten Kjell Rune Garlid, SL ba kommunestyret vurdere om han er ugild sidan firmaet hans er grunneigar i planområdet. Kommunestyret konkluderte med at han er ugild og Elna Nybakk, SL kom til møtet som vararepresentant.

Representanten Ivar Einarsen, AP ba kommunestyret vurdere om han er ugild sidan han er grunneigar og har sendt inn merknad til planen. Kommunestyret konkluderte med at han er ugild og han gjekk frå møtet. Det møter ikkje vara for han.

Det er difor 34 representantar i salen som behandlar denne saka.

Tilråding frå komite for plan og utvikling **vart vedteke med 32** mot **2 røyster** (mindretal SV og MDG).

Desse hadde ordet i saka: Henning Ekerhovd, Andreas Sjalg Unneland, Svein Bergh og Tom Georg Indrevik

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2019:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit - Ågotnes, med plankart revidert 18.11.2019, føresegner revidert 18.11.2019 og planomtale revidert og datert 18.11.2019.

Dokument vedlagt saka:

- Reguleringsføresegner revidert 18.11.2019
- Planskildring revidert og datert 18.11.2019
- ROS-analyse datert 18.11.19
- Matrise - merknadar og uttaler til planarbeidet med kommentarar
- Innkomne merknader og uttaler

Dokument som ligg på følgjande lenker:

- Plankart i målestokk 1:1000 delt inn i 30 kartblad, alle datert 18.11.2019
- <https://www.fjell.kommune.no/globalassets/dokumenter/politikkinnsynognaering/ekstramotedokument/kpu/2019-12-03/fv561-reguleringsplankart--niva2-pa-bakken.pdf>
- <https://www.fjell.kommune.no/globalassets/dokumenter/politikkinnsynognaering/ekstramotedokument/kpu/2019-12-03/fv561-reguleringsplankart--niva1-under-bakken.pdf>
- <https://www.fjell.kommune.no/globalassets/dokumenter/politikkinnsynognaering/ekstramotedokument/kpu/2019-12-03/fv561-reguleringsplankart--niva3-over-bakken.pdf>

Ikkje trykte dokument:

Rapportar/tekniske dokument som ligg til grunn for planframlegget)

1. Teikningshefte Ny fv. 561 Kolltveit – Ågotnes 18.11.2019
2. Teikningshefte Byggetrinnsløysing Kolltveit 05.06.2018
3. Rapport forprosjekt konstruksjon 04.03.2018
4. Formingsrettlear 23.03.2018
5. Geologisk rapport 18.04.2017
6. Geoteknisk notat 07.04.2017
7. Geoteknisk datarapport 07.04.2017
8. Lysberekning 04.04.2018
9. Rapport – Luftkvalitet 09.03.2018
10. Notat – VA – Overvatn og vassdrag 06.03.2018
11. Notat – VA – Vatn og veglinje 10.05.2017
12. Ytre miljøplan 18.11.2019
13. Notat – Naturmangfald 20.03.2018
14. Notat – Anleggsgjennomføring 18.11.2019
15. SHA-plan (Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø) 18.11.2019
16. Notat – Vurdering gang- og sykkelstandard fv. 561 Kolltveit – Ågotnes 14.12.2015
17. Framtidig trafikkgrunnlag. Grunnlag for val av dimensjoneringsklasse, Sivilingeniør Helge Hopen AS 08.10.2015
18. Trafikkvurdering Ågotnes, Sivilingeniør Helge Hopen AS 29.06.2016
19. Kapasitetsberekning rundkøyring v/industriområde Ågotnes 18.10.2019
20. Notat til illustrasjonsplan til 2-feltsveg 20.09.2019
21. Illustrasjonar av 2-feltsløysing 05.07.2019
22. F-teikning 2-feltsveg og 4-feltsveg 05.07.2019
23. Notat – skildring av løysingar GS-vegar 03.09.2019
24. Illustrasjonar av GS-vegar i planforslaget 24.08.2019
25. Merknader til varsel om oppstart

Saksopplysningar:

Fjell kommune har i nært samarbeid med Statens vegvesen utarbeida framlegg til detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 mellom Kolltveit og Ågotnes, med plankarta 1-7 (vertikalnivå 1, under grunnen), plankarta 1-18 (vertikalnivå 2, på grunnen) og plankarta 1-5 (vertikalnivå 3, over grunnen).

Reguleringsplanen inngår i delprosjekt 3 i Sotrasambandet; fastlandssambandet Sotra – Bergen og det nord-sørgående sambandet på Sotra.

Bakgrunn for planarbeidet

Kommunedelplan for Sotrasambandet delprosjekt 3, fv 561 Kolltveit – Ågotnes vart vedteken av kommunestyret hausten 2009. Detaljreguleringsplan er utarbeida med grunnlag i traséval som vart gjort i kommunedelplanen og med dei måla som er vedteke i denne planen.

Målsettinga for planarbeidet har vore følgjande:

Hovudmål:

- *Å få ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkåre frå Øygarden og nordre delar av Fjell inn mot Rv 555 og vidare mot Bergen. Særleg næringstrafikken til dei store industriområda på Ågotnes, Kollsnes og Sture krev ein ny veg av god standard. Vegen skal også inngå i ein framtidig oppgradert transportkorridor frå lengst sør i Sund kommune til lengst nord i Øygarden kommune.*

Delmål:

- *Sparte transportkostnader for busette og næringsliv*
- *God linjeføring*
- *Minst muleg negative konsekvensar for natur og miljø*
- *Færre trafikkulykker*
- *Størst muleg avlastning av eksisterande veg*
- *Betra nærmiljø langs eksisterande veg (luft/støy)*
- *Tryggare gang- og sykkeltrafikk*
- *Leggja til rette for samfunnsøkonomisk god arealbruk, bustad- og næringsutvikling i denne delen av kommunen*

Hordaland Fylkeskommune (HFK) sine føringar for planlegginga

Fylkesutvalet i HFK fatta eit vedtak i samband med oppstart av reguleringsplanen. I følge fylkesutvalet sitt vedtak skulle ny fylkesveg 561 mellom Kolltveit og Ågotnes planleggast som 2-feltsveg samt at kryss Ågotnes sør vert planlagt som eittplanskryss. Samstundes legg vedtaket opp til at det må sikrast tilstrekkeleg areal for ei seinare utviding til 4-feltsveg og toplanskryss på Ågotnes sør.

Val av vegstandard

Føringar for standard (vegnormalane) på veg er i stor grad styrt av årstdøgntrafikken (ÅDT). Det same er val av kryssutforming. Dei ulike standardane gjev utslag på utforming av løysingane i planen, knytt til trafikktryggleik, flyt i trafikken, hastighet, breidde, linjeføring og kryssutforming sentralt.

I det vidare kjem ein gjennomgang av korleis desse tema er lagt til grunn i planframlegget.

Prognoser for ÅDT er førande for val av standard:

Kommunedelplanen frå 2009 bygde på trafikkprognosar som gav grunnlag for bygging av ein 2-feltsveg, med midtdelar og forbikøringsfelt etter handbok N100 versjon 2013. Prognosen den gangen tilsa at ein kunne rekne med omlag 10 000 kjøretøy i år 2035. Ved starten av

reguleringsplanarbeidet i 2015 vart det estimert framtidig trafikknivå, høgare enn venta i 2009. Trafikkberekingane er utført av Sivilingeniør Helge Hopen AS og er uttrykt vedlegg til saka.

Den nye trafikkprognosen viser ein ÅDT mellom 11 190 og 19 607 i 2045. Den låge prognosen på 11 190 ÅDT er basert på ei utflating av trafikknivået trass i at ein ventar vekst i folketalet. Dette vil vere relatert til langsiktig stagnasjon og eventuell nedgang i olje- og gassindustrien kombinert med auka innsats på verkemiddel som skal dempe trafikken på vegnettet. Den høge prognosen på 19 607 ÅDT er basert på moderat/sterk vekst i trafikken i tråd med ei positiv utvikling i både folketal og næringsutvikling, mellom anna med ein føresetnad om at stagnasjon innan olje- og gassindustrien er mellombels og at aktiviteten vil kunne ta seg opp på sikt.

I 2018 er ÅDT oppe i 12 300 nord for Kolltveitkrysset. Ut i frå desse trafikkdata har Fjell kommune i samråd med Statens vegvesen vald å planlegge for ein 4-feltsveg, standardklasse H7 i tråd med Handbok N100. Med denne vegstandarden oppnår ein høgast trafikktryggleik og flyt i trafikken. Innanfor regulert areal er det likevel mogleg å bygge ei løysing med 2-feltsveg med 80 km/t, då linjeføring for 4-feltsveg med fartsgrense 80 km/t er lik som for 2-feltsveg med fartsgrense 80 km/t. Ein har i høyringsperioden utarbeida illustrasjonar av ein 2-feltsveg utan midtdelar og med plankryss på Ågotnes sør innanfor regulert areal, sjå vedlegg 21. Det er i føresegnene opna opp for at ein kan bygge ein 2-feltsveg. Dette er vidare omtalt i kapittel **Error!** **Reference source not found.** i planomtalen.

Prognoser for ÅDT er førande for val av kryssløysing:

I 2018 er ÅDT sør for rundkøyring på Ågotnes på 10 800. Handbok N100 set krav om planlegging av toplanskryss ved ÅDT over 8000. I planframlegget er det difor planlagt for eit toplanskryss på Ågotnes sør, noko som er i samsvar med kommunedelplan frå 2009 og sentralt for intensjonen om å føre tungtransport til kryss i nord (Ågotnes). Trafikktryggleiken for gåande og syklande er også best ivareteke med eit planskilt kryss. Innan for planen er det mogleg å bygge andre kryssløysingar, som t.d. ei rundkøyring.

Kostnader

Det er utført kostnadsestimat (anslag) på veganlegget i august 2017. Her har ein berekna forventa kostnad (P50) med full utbygging av ein 4-feltsveg, sjå tabell under.

I etterkant er det kostnadsberekna bygging av: 1) 2-feltsveg med midtdelar både med og utan 4-feltskonstruksjonar, 2) 2-feltsveg utan midtdelar med romlefelt og eittplanskryss. Tabellen under viser forskjellane i forventa kostnad ved bygging av dei ulike standardløysingane.

Vegstandar og løysingar	Forventa kostnad
Full utbygging av 4-feltsveg	2,3623 milliardar
2-feltsveg midtdelar, forbikøyringsstrek og konstruksjonar til 4-feltsveg (førebuing til 4-felt), toplanskryss på Ågotnes sør	2,1824 milliardar
2-feltssveg med midtdelar, forbikøyringsfelt og konstruksjonar til 2-feltsveg, toplanskryss på Ågotnes sør	1,9621 milliardar
2-feltsveg med 2-feltskonstruksjonar utan midtdelar, romlefelt, rundkøyring på Ågotnes sør	1,8901 milliardar

Tabell: Forventa kostnad (P50) for bygging av ulike vegstandardar

Det skal føyast til at utbygging av 2-feltsveg som eit første byggetrinn med seinare utviding til 4-felt vil verte vesentleg dyrare enn å bygge 4-feltsveg i eitt byggetrinn.

Planprosess.

Oppstartsmøte vart halde i mai 2015. Representantar frå Fjell kommune og Multiconsult deltok på møte. Bakgrunnen for planarbeidet, føringar for og forventningar til planarbeidet vart gjennomgått.

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort hausten 2015. Grunneigarar, naboar som er part i saka og offentlege mynde vart varsla per brev datert 08.10.15. Totalt 22 innspel er motteken, kor 6 er frå offentlege mynde og 16 frå private. Varslingsgrensa har blitt utvida, og varsla to ganger etter dette.

Planarbeidet har også vorte presentert for politikarane ved fleire høve. Det er også halde møte med politisk leiing for prinsipielle avklaringar.

Planen har lege ute til offentlig ettersyn og har vore presentert og drøfta i regionalt planforum.

Konsekvensutgreiing

Det konkrete tiltaket (planen for ny fv 561) er konsekvensutgreidd på eit høgare plannivå, i kommunedelplan for Sotrasambandet delprosjekt 3, Fv 561 Kolltveit – Ågotnes, vedteken den 26.11.2009. Reguleringsplanen er i samsvar med overordna plan og er difor ikkje konsekvensutgreidd etter plan- og bygningslova §4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing. Det er nokre fråvik frå den vedteke kommunedelplanen, men desse vil ikkje aleine utløyse krav om KU. Fråvika er nærare omtalt i kapittel 5.6 i planskildringa. Det er gjennomført relevante utgreiingar for å avdekke eventuelle konsekvensar og for å kome fram til forbetrande tiltak.

Fråvik

Fråvik frå kommunedelplan Sotrasambandet, Fv 561 Kolltveit – Ågotnes og Kommuneplanen sin arealdel:

- KDP konkluderte med 2-feltsveg. Nye trafikkprognoser tilseier 4 felt mellom Kolltveit og Ågotnes.
- Linjeføringa til vegen er stort sett den same som i KDP frå 2009, men med mindre avvik.
- Den største endringa i planforslaget samanlikna med KDP er at ein i reguleringsplanen har vurdert behov for mellombels rigg- og anleggsområde til bygging av vegen. Dette er ikkje gjort i KDP 2009 og avviket betyr at ein enkelte stader langs veglinja treng større areal enn det var avsett i KDP. På Kolltveit skal ein bygge ny gang- og sykkelveg frå nytt toplanskryss som vert koplå på eksisterande gang- og sykkelveg i krysset mellom Skjergardsvegen og Kolltveitvegen. Denne var ikkje med i kommunedelplan frå 2009.
- Frå Ågotnes til Barneshaugen er det i reguleringsplanen lagt inn ny gang- og sykkelveg. Denne var ikkje med i kommunedelplan frå 2009.


Fråvik frå KDP Ågotnes

- Angeltveitvassdraget som kryssar vegarealet på Ågotnes, er avsett til H560 Bevaring naturmiljø i kommunedelplan for Ågotnes. Sona er retningsgjevande for reguleringsplanarbeidet. Det har vore viktig å ta omsyn til naturmangfaldet og det er tiltak i reguleringsplanen som sikrar fri gang av anadrom fisk i vassdraget. Dette er sikra i føresegnar og vert følgt opp i YM-planen kor det er ei rekke tiltak som skal sikre naturverdiane i og etter anleggsfasen.

Det er også sendt søknad om fråvik frå Håndbok N100, desse er knytt til vegtekniske løysingar og er nærmare presentert i planskildringa.

Planområde og eksisterande situasjon

Planområdet er ein om lag 9,7 km lang korridor som strekk seg frå Kolltveit i sør via Fjæreidpollen til Ågotnes i nord.



Kart og ortofoto med planområdet si avgrensing og lokalisering.

Det regulerte planområdet er omlag 1585 dekar stort. Plangrensa er redusert i høve til det som er varsla. Den endeleg fastsette plangrensa omfattar det som er naudsynt for det ferdige veganlegget, samt areal som trengs under bygginga.

Store delar av planområdet går gjennom naturområder som er urørde i dag. Planlagt veganlegg vil vidare knytte seg på eksisterande veganlegg i nord og sør. Prinsippet har vore å knytte seg til vegane slik at linjene møtest og å ta inn naudsynte fortau, gang- og sykkelveggar. På Ågotnes grensar planen til skule, nærings- og bustadområder, og det har vore viktig ikkje å gå for mykje inn i desse områda.

Framlegg til plan

Hovudmålet med planen er å regulera eit nytt veganlegg som gjev rask, effektiv og trafikksikker ferdsel. Planframlegget regulerer ei fullstendig trafikklysning med etablering av ny 4-feltsveg mellom Kolltveit og Ågotnes med planskilte kryss på Kolltveit og Ågotnes, tre bruer over vatn og vassdrag, og eit miljølokk på Ågotnes. Det er opna for å bygge ein 2-feltsveg med kryssing i plan på Ågotnes sør. 2-feltsvegalternativet er utgreidd som ein del av arbeidet. Strekninga har ei total lengde på ca. 9,7 km.

Det er 30 plankart som fortel og fastset arealbruken. Plankarta er framstilt i 3 vertikalnivå: Vertikalnivå 1 under grunnen, 2: på grunnen og vertikalnivå 3: over grunnen.

Planområdet er regulert til følgjande føremål, jf. Plan- og bygningslova (PBL) § 12-5, tredje ledd:

- Bygningar og anlegg
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- Grønstruktur

- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift
- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone

Det er regulert inn følgende omsynssoner jf. PBL § 12-6:

- Sikringssone
- Støysone
- Faresone

Det er regulert inn følgende føresegnsområder (bestemmelsesområde) jf. PBL § 12-7:


- Anlegg- og riggområde #1-8 kor gjeldande plan skal gjelde etter ferdig anlegg.
- Anlegg- og riggområde #10 i LNF-områda.
- Krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak #12 og #13 med krav om utgraving av kulturminne før iverksetting av tiltak i planen.

Det er utarbeida reguleringsføresegner, planskildring og ROS-analyse til planen.

I tillegg er det utarbeida ei rad rapportar og tekniske dokument som ligg til grunn for planframlegget.


Dimensjonering og vegstandard

Mellom Kolltveit og det planskilte kryss på Ågotnes sør er den nye fylkesvegen planlagt som 4-feltsveg, standardklasse H7 etter handbok N100 (2013). For standardklasse H7 gjeld dimensjonskriteria vist under.



Figur: Normalprofil for dimensjoneringsklasse H7. Kjelde: Handbok N100, Statens vegvesen

Frå det planskilte krysset på Ågotnes sør og vidare nordover til Barneshaugen er den nye fylkesvegen planlagt som 2-feltsveg, standardklasse H5 etter handbok N100. Denne dimensjoneringsklassen vert nytta for motortrafikkvegar der ÅDT er mellom 6000 og 12000. Krav til vertikalgeometri, horisontalgeometri og fart følger vegklasse H7.



Figur: Normalprofil for dimensjoneringsklasse H5. Kjelde: Handbok N100, Statens vegvesen

Kolltveit

Ny riksveg 555 (Sotrasambandet), ny fylkesveg 561 (nord) og ny fylkesveg 560 (sør) skal møtast i krysområdet på Kolltveit. I tillegg skal dagens fylkesveg 561 nordover koplatt på her.

Kryssløysing:

Kryssområdet på Kolltveit er komplekst, med tre 4-feltsvegar som skal koplest saman, i tillegg til lokalvegar og gang- og sykkelvegar. Det er fleire høgdenivå med fotgjengarkullvert, bru og tunnelar. Det er gjort vurderingar av ulike kryssløysingar. Viktige kriterium i desse vurderingane har vore kapasitet, tryggleik, fotgjengarløysingar og kollektivløysingar. Endeleg løysing er eit planskilt kryss med filterfelt for trafikk frå Bergen mot Sund og ei rundkøyring med ein diameter på 50 meter.



Figur: Landskapsplan av krysset ved Kolltveit.

I samband med utbygginga av Rv. 555 Sotrasambandet, parsell Kolltveit – Storavatnet er det utarbeidd ei byggetrinnsløysing for kryssområdet på Kolltveit. Løysinga er utarbeidd for å optimalisere tilhøvet mellom dei to planane, slik at mest mogleg av det som skal byggjast i 1. byggetrinn (Sotrasambandet) kan nyttast vidare ved utbygging av 4-feltsveg til Ågotnes.

Trasé mellom Kolltveit og Ågotnes

Mellom Kolltveit og det planskilte krysset på Ågotnes sør er vegen planlagt som 4-feltsveg. Den kan og byggjast som 2-feltsveg. Strekinga skal fungere som ein effektiv transportetappe mellom Ågotnes og Kolltveit og vidare mot Sund, Straume og Bergen.

Frå krysset på Kolltveit vert vegen ført vidare nord-vestover mot Midtmarka over Kolltveitmarka. Her passerer vegen Nordrvatnet på ei ny bru. Deretter kryssar den Morlandsvegen, som passerer under i kullvert med to køyrefelt og fortau. Langs Morlandsvegen vert fortau forlenga og gangrampar koplar fortauet til ny fv. 561 kor det er avsett plass til kollektivhaldeplass for buss. Vegen vert deretter ført vidare på ei bru over Morlandsvatnet.

Frå Morlandsvatnet går den nye fylkesvegen gjennom ei stor tosidig skjering, før den kryssar Fjæreidevegen. Fjæreidevegen kryssar i ein tilsvarande kullvert som Morlandsvegen, og får gangrampar opp til ny fylkesveg der det er avsett areal til kollektivhaldeplass. Det vert regulert inn fortau langs Fjæreidevegen eit lite stykke mot nordaust og i ei lang strekning mot sørvest. På grunn av det større mellombels rigg- og anleggsområde her vil det vere naudsynt å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Vidare går vegen i ny bru over Fjæreidpollen via Høgholmen. Frå Høgholmen bru til det planskilte krysset ved Ågotnes går vegen på sørsida av Spjeldsfjellet og vidare gjennom Midtmarka.

Alle bruene på strekinga er utforma i samarbeid med Selberg Arkitekter AS, god tilpassing til landskapet vore eit overordna mål.

Høgholmen bru:

Høgholmen bru er planlagd som ei fritt frambygd bru over Fjæreidpollen med ei lengde på 510 meter. Brua er plassert høgt i landskapet for å gje ei god tilpassing til landskapet og gje rom for å krysse under brua.




Figur: Visualisering av Høgholmen bru, sett frå sør. Kjelde: Multiconsult

Ågotnes

På strekninga mellom det planskilte krysset på Ågotnes sør og vidare nordover til rett nord for eksisterande kryss til Barneshaugen og Vindenes er vegen i planlagt som 2-feltsveg. Frå rundkøyring på Ågotnes nord ligg ny veg i same trasé som eksisterande veg og vert kopla på eksisterande veg rett nord for krysset til Barneshaugen og Vindenes.

I utforminga av toplanskrysset på Ågotnes sør har ein vurdert fire ulike typar kryss og samanlikna desse ut i frå gitte tema og mål. Ei hovudutfordring var å oppnå tilstrekkeleg tryggleiksavstand til 300 kV leidninga, dette var utslagsgivande for valet ein har landa på. Planen legg opp til eit ruterkryss med stor sentralrundkøyring. Det var ikkje mogleg å tilfredsstillе minste avstandskrav mellom veganlegg og nærmaste straumleidning 132 kV som går inn til transformatorstasjon på Ågotnes. Ein må derfor søkje om endring av konsesjon for å legge denne høgspentleidninga i kabel på eit mindre strekk inn til transformatorstasjonen på Ågotnes.



Figur: Utsnitt frå E-teikning som viser krysset på Ågotnes sør.

Alternativsvurderingar Miljølokk eller bru

I kommunedelplan frå 2009 var det planlagt med eit miljølokk med lengde 70 meter i sentrum av Ågotnes. I møte om Ågotnes sentrum kom det innspel om bru. Ein vurderte difor ulike alternative løysingar for Ågotnes sentrum, i området mellom skule og sentrumsområdet. Det vart vurdert tre alternativ for vegen si utforming; langt miljølokk (ca. 200 meter), kort miljølokk (70 meter som i kommunedelplan frå 2009) og bru.


Alternativ 1, langt miljølokk er vurdert til å vere klart best med omsyn på miljø- og stadutvikling, samt for mjuke trafikantar og natur og landskap. Når ein bygger lokk til haugen aust for skulen vil lokket og haugen saman danne ein lang skjerming av skuleområdet.

Alternativ 2, kort miljølokk ligg mellom dei to andre løysingane i mange av fagtema. Det vert likevel ikkje rekna som eit godt kompromiss.

Alternativ 3, bru er vurdert til ikkje betre forholda innan miljø- og stadutvikling, eller avbøte den nye vegen sin dominerande plass på Ågotnes. Bru er det beste alternativet ut frå køyreoppleving på ny fylkesveg, trafikksikkerhet og byggekostnadar.

Det er i planforslaget planlagt for alternativ 1, langt miljølokk. Lengda på miljølokket er i planframlegget 180 meter, som er lengda frå kryssing av Landrovegen til ein når haugen ved skulen noko som gjer at ein oppnår maksimal skjerming av skuleområdet.

Ny fv. 561 går under miljølokket. Landrovegen vert ført over miljølokket og vidare bort mot eksisterande rundkøyring i Ågotnes sentrum. Vegen er regulert med fortau på begge sider. Ein tek i dette planforslaget ikkje med eksisterande rundkøyringa i Ågotnes sentrum, då dette området må vurderast i ein samla plan for Ågotnes sentrum.



Figur: Utsnitt av landskapsplan som viser område kor Landrovegen kryssar over fv. 561 med miljølokk på Ågotnes. Eksisterande rundkøyring i Ågotnes sentrum kan sjåast nede i midten av teikninga. Kjelde: Multiconsult

Krysset på Ågotnes nord vert planlagt som ei 4-arma rundkøyring med ein diameter på 45 meter. Ein arm går mot næringsområdet/CCB i øst og to armar er for hovudvegen. Den siste armen er sett av for framtidig veg til nytt næringsområde på vestsida av hovudvegen. Veggen austover frå rundkøyringa og inn mot industriområdet vert planlagt i standardklasse A2 med fortau. Denne klassen vert nytta for tilkomstveger i middels tett busetnad, og er eit naturleg val i dette området. Veggen vert knytt til Bleivassvegen i ei ny rundkøyring med ein diameter på 30 meter.


Med bakgrunn i innkomne merknader er det utført ei kapasitetsberekning av rundkøyringa på Ågotnes nord, av sivilingeniør Helge Hopen, jf. vedlegg 19. Berekninga viser at rundkøyringa har tilstrekkeleg kapasitet ved 0-vekst og normal trafikkveks i lang tid framover.

Det nye veganlegget vert avslutta med ein overgang mot eksisterande veg i nord, eit lite stykke nord for avkøyrsla til Barneshaugen og Vindenes.

Gang- og sykkelvegar

For vegar med vegstandard H7 skal gang- og sykkeltilbod etter handbok N100 løysast på lokalvegnettet. Det vert tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg langs det nye veganlegget på Kolltveit og Ågotnes og elles i kryssingspunkt med eksisterande vegar på Morland og Fjæreide. Langs hovudvegtraseen mellom Kolltveit og Ågotnes vert det ikkje planlagt med langsgåande gang- og sykkelveg. Eksisterande fylkesveg har allereie eit utbygd gang- og sykkelvegnett, med mindre gjennomgangstrafikk vil forholde der verte betre for gåande og syklende. I planarbeidet er det utarbeida ein rapport som viser kva mindre utbetringar av enkelte punkt og strekningar for å løfte standarden på denne strekninga. Det er i tillegg til rapporten også utarbeida eit eige notat som omhandlar gang- og sykkelvegsløysingane i planen.

Dei nye gang- og sykkelvegane tilknytt det nye veganlegget følgjer i hovudsak prinsippet for gang- og sykkelveger vist i figur under.



Figur: Prinsipp for gang- og sykkelveger. Kjelde: Handbok N100, Statens vegvesen


På Kolltveit vert nye gang- og sykkelvegar regulert med 3,5 til 4 meters breidde og med ein rabatt mot veg som har varierende breidde med minimum 3 meter. Her er det eit stort og komplisert vegsystem med fleire vegar og gang- og sykkelveger som møtest.

I kryssingspunkta med eksisterande vegar på traseen mellom Kolltveit og Ågotnes, vert det regulert inn fortau med ei breidde på 3 til 3,5 meter.

I toplanskryss på Ågotnes sør er det er lagt opp til gang- og sykkelveg som kjem frå sentrum i Ågotnes og kryssar toplanskrysset og vert vidareført mot Vestsiddevegen.

Landrovegen er regulert med tosidig gang- og sykkelveg.

Nordover frå rundkøyringa på Ågotnes nord går gang- og sykkelvegen på vestsida av den nye vegen. Frå idrettsområdet til Bleivassvegen kryssar gang- og sykkelvegssystemet den nye fylkesvegen i plan og går på nordsida av den nye tverrforbindelsen til Bleivassvegen. Her vert det regulert sykkelveg med fortau med 5 meters breidde og 3 meters rabatt mot veg. Fleire alternativ for plassering av gang- og sykkelvegen har vore vurdert, jf. planskildringa kapittel 8.



Figur: Utsnitt frå vegteikning viser løysing frå rundkøyring, Ågotnes nord og vidare nordover. Kjelde: Multiconsult

Kombinert formål samferdsel og anna hovudformål

Formålet er nytta for område der det under bygging av veganlegget er naudsynt med eit mellombels rigg- og anleggsområde, utan at ein ynskjer å endre den regulerte statusen på arealet. Områda vil då etter at vegen er ferdigstilt, framleis vere regulert i reguleringsplan eller sett av i kommuneplanen til dei formåla som dei har i gjeldande plan for arealet. Område som i gjeldande planar er regulert/sett av til vegformål og som i detaljeringa av dette veganlegget ikkje vert nytta til vegformål, vert omregulert i denne planen.

Eksisterande reguleringsplanar

På Kolltveit og Ågotnes er det fleire reguleringsplanar som blir endra ved planframlegget. Planframlegget vil gjelde føre eksisterande reguleringsplanane. Dei planane som framleis skal gjelde er omtalt i kap. 8.11 i planskildringa.

PlanID 20130001 Reguleringsplan Rv 555 Sotrasambandet, delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen vert endra i området på Kolltveit. Her vil kryssløysinga vere styrt av planframlegget. Planen knyter seg naturleg på eksisterande plan og omkringliggande areal både når det gjeld veg, tunnel og gang- og sykkelveg. Kombinert formål samferdsel og anna hovudformål, som vert nytta for sideareal for mellombels rigg og anlegg, er vidareført i planframlegget for ein saumlaus overgang.

På Ågotnes er plansituasjonen noko meir kompleks, då det er fleire gjeldande reguleringsplanar i området.

PlanID 20070042 Reguleringsplan Tranevågen, Ågotnes, ny ungdomsskule er den planen som blir mest påverka av planframlegget. Her vil nytt miljøløkk ta mykje areal, mellom anna areal som vert brukt til kollektivterminal i dag. Planframlegget løyser ikkje framtidig lokalisering av kollektivterminalen, då dette er ei større problemstilling som må løysast i ein framtidig plan for Ågotnes sentrum. Det same vil gjelde for gang- og sykkelløysingar mellom miljøløkk og rundkøyring Ågotnes nord på vestsida av ny fv. 561.

PlanID 19830003 og 1986002 er reguleringsplan for næringsområde på Ågotnes. Desse planane har liten detaljeringsgrad. Her vil planframlegget vidareføre næringsformålet samstundes som det er lagt inn ny tilkomst til området frå fylkesvegen og vidare gjennom ei ny rundkøyring. Veganlegget tek noko areal frå næringseigedommane, men vil gje betre trafikkavvikling.

Rekkefølgjekrav

Rekkefølgjekrav er viktig for å sikre opparbeiding av dei ulike byggeformåla og for å ivareta mellom anna trafikktryggleik, landskapskvalitetar og naturmangfald før, under og etter anleggsarbeidet.

Det er satt følgjande rekkefølgjekrav i planen:

- Veganlegget skal opparbeidast i tilstrekkelig grad for å ta vare på framkomst og tryggleik for alle trafikantgrupper og i samsvar med miljømessige krav innanfor areal som vist på reguleringsplanen og omtalt i reguleringsføresegnene.
- Kollektivterminalen på Ågotnes må flyttast før anleggsarbeid for o_SKV1 frå profilnummer 7600-7900 og o_SKV9 kan settast i gang.
- Gang- og sykkelveg o_SGS7 (Ågotnes) skal vere kopla på eksisterande gangvegssystem før veganlegget vert teken i bruk.
- Gang og sykkelveg o_SGS4 langs Fjæreidevegen frå ny fv. 561, SKV5, til avkøyrslø til anleggsområdet o_GSG3, skal vere ferdig opparbeidd som vist i reguleringsplanen før Fjæreidevegen kan takast i bruk som anleggsveg.
- Ny felles avkøyrslø og tilkomstveg til gnr. 24, bnr. 4, 91, 93 og 142 f_SKV14 skal vere ferdig opparbeidd som vist i reguleringsplanen samstundes med veganlegget.
- Omlegging av bekk i Vardakleivatnet og stenging av austre bekkeløp frå Skulehusvatnet skal vere ferdig opparbeidd før arbeid med veganlegg som påverkar vasstilhøva eller fiskevandringen i Angeltveitvassdraget vert i verksatt. Bekketiltaka må utførast i samsvar med Ytre miljøplan og Notat - VA, overvatn og vassdrag. Bekketiltaka skal utførast på tidspunkt som gjev minst mogleg ulempe for fisken i vassdraget. Biologisk (inkludert fiskebiologisk) og hydrologisk kompetanse må takast inn i samband med utforming av tiltaka.
- Der veganlegget er i konflikt med høgspontanlegg, må tiltak avklarast før anleggsstart.

- Før veganlegget vert teken i bruk skal følgjande vere ferdig opparbeidd som vist på reguleringsplanen og i reguleringsføresegnene:
 - Lokale støyskjermingstiltak.
 - Naudsynt omlegging av vatn- og avløpsleidningar, høgspenteleidningar, fordelingsnett for straum og for tele-/tv-/datakommunikasjon o.l.
 - Handsaming av terreng og tilplanting /tilsåing skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget.
- Før iverksetting av tiltak i medhald av planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 236645, #12, og Askeladden ID 219615, #13.

Støy

Det er utført støyberekningar og støyvurderingar etter støyretningslinja T-1442/2016. Denne retningslinja seier at utgangspunktet både ved etablering av ny verksemd og endring av eksisterande verksemd, er at planen ikkje skal føre til at eksisterande støyfølsame bygningar vert liggjande innanfor det som er definert som gul eller raud støysone i retningslinja.

I støyberekningane er det identifisert totalt 73 adresser med støyfølsamt bruksføremål som har høgaste berekna lydnivå ved fasade over nedre grenseverdi for gul støysone. På desse adressene er det omlag 157 bustadeiningar i gul støysone og 4 bustadeiningar i raud støysone. Tre av adressene står aleine for ca. 87 bustadeiningar. Ein må rekne med at fleire av einingane på desse tre adressene ligg mot stille side. Dette er ikkje undersøkt nærare i denne fasen.

Ein stor del av den nye traseen skal etablerast i utmark utan bygningar med støyfølsamt bruksformål. Som følgje av utbygginga av ny fv. 561 kan det forventast at bygningar langs eksisterande fv. 561 vil få ein betydeleg reduksjon i gjennomgangstrafikken og dermed mindre støy. Utbygginga av ny trasé vil difor totalt sett gje ei betring av støytilhøva ved bygningar med støyfølsamt bruksformål.

Kulturminne og kulturlandskap

I konsekvensutgreiinga frå 2008 er vald veglinje vurdert til å ha frå liten negativ konsekvens til middels til stor negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. På Kolltveit fører utbygging av kryssområdet til tap av kulturlandskap og ny veg kryssar ein eldre ferdsleveg. Ny veg bryt heilskapen i kulturmiljøet og reduserer kulturmiljøet sin verdi. Dette området skal i stor grad byggast ut i samband med Sotrasambandet.

I samband med utviding av planområdet i 2017 vart det registrert ein steinalderbuplass ved Fjæreidpollen, Askeladden id 236645. Anleggsveg frå sjøen i Fjæreidpollen vil komme i konflikt med det automatisk freda kulturminnet. Det er sett på andre moglege tilkomstar for anleggstrafikk i området utan at ein har funne ei mogleg løysing, jf. notat om anleggsgjennomføring. Tilkomst til Fjæreide via sjøen er naudsynt for å gjennomføre bygginga av brua over Fjæreidpollen. Planframlegget er å difor å sjå som ein søknad om dispensasjon frå kulturminneloven for Askeladden id 236645.

På Ågotnes er det fleire buplassar frå steinalder, ingen av desse vert direkte råka av ny veg og dei ligg utanfor planområdet. Steinalderbuplassen sør for Skulehusvatnet vil ligge innanfor planområdet ca. 15 meter frå vegareal. Buplassen ligg fire til fem høgdemeter over vegen. Fylkeskommunen har tilrådd at det vert søkt om dispensasjon frå kulturminneloven for dette kulturminnet. For å sikre anleggsgjennomføringa har ein difor utvida anlegg- og riggområdet. Planframlegget er også difor å sjå som ein søknad om dispensasjon frå kulturminnelova for Askeladden ID 236645.

På Morland er det registrert ei rekke nyare tids kulturminne, og ny veg vil i stor grad øydelegge desse. Dei fleste av kulturminna er rydningsrøyser frå nyare tid registrert av Hordaland fylkeskommune i samband med oppstart av planen. Ny veg vil fjerne ei rekke enkeltlement i kulturmiljøet som gjer at heilskapen i kulturmiljøet vert redusert.

Ny veg vil også skjere gjennom eldre ferdsleveggar på Ågotnes, til dømes skulestien. Steingarden mellom Vindenes og Ågotnes som dagens fv. 561 skjer igjennom vil bli noko redusert ved bygging av ny gang- og sykkelveg frå Ågotnes og opp til kryss til Vindenes. Ny fv. 561 vil i noko grad redusere kulturmiljøet sin verdi.

Friluftsliv, naturområde, born og unge sine interesser

Planen går gjennom store, urørte tur- og friluftsområder og beiteområder. Veganlegget vil skape ein barriere og redusere kvalitetane i desse områda. For å minske dei negative konsekvensane og opne for bruk av marka vert det lagt inn tverrforbindelsar under alle bruene.

Etter offentleg ettersyn er det lagt inn to kulvertar på Kolltveit for å gje tilgang for grunneigar til beitemarkene. Desse kuvertane kan også nyttast av turgåarar. Det er også lagt inn ein kulvert ved Huldakleiva som koplars eksisterande turløye/sti frå Kårtveit til Spjeldsfjellet. Litt lengre nord ved Forsthaugen har ein også lagt inn en kulvert som koplars eksisterande turløype/sti frå bustadfelt vest for Vestsidvegen til Spjeldsfjellet.

På Kolltveit og Ågotnes vert det også planlagt for nye gang- og sykkelveggar som skal betre samband til sentrum og tilkomst til skule- og idrettsområde.

Naturmangfald

I samsvar med naturmangfaldslova (nml) skal offentlege avgjerder som gjeld naturmangfald så langt som råd byggja på vitskapeleg kunnskap. Den vitskapelege kjelda for vurdering etter nml er Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning. I planarbeidet er det også nytta viktige informasjonskjelder som artsdatabanken, vann-nett, miljøstatus, rapportar frå tidlegare KU for prosjektet, andre relevante rapportar. Det er vidare utført synfaring i området. Området er godt i skildra i KU som vart utarbeida i 2008. Notat om naturmangfald er ei oppdatering av informasjonen frå 2008.

Kunnskapen ein sit med er vurdert som god nok for det meste av planområdet. Det vert tilrådd at det før eventuell byggstart vert utført ei kartlegging av framande artar som kan verte rørd av prosjektet, då det er naudsynt at desse vert handtert forsvarleg ettersom dei ved spreiding kan medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Verknadene av planen på naturmangfaldet er vurdert til å vere godt kjende, sjå kap. 6 og 7.6 i planskildringa. Det vil verte nytta avbøtande tiltak, men naturmangfaldet vil likevel verte påverka.

Tiltaket vil føra til påverknader i område der det ikkje er tekniske inngrep i dag. Dette vil til dømes gje ein barriereeffekt på hjort samt ei deling av eit større naturområde. Det vil verte utfyllingar i fleire vatn, og verknadene av desse vil truleg prega heile vassdraget, i alle fall i ein periode. Det er likevel ikkje venta at den samla belastningane av desse inngrepa vil vere uakseptabel då desse inngrepa er i naturområder som er relativt vanlege lokalt. Inngrep i dei viktige naturtypene av naturbeitemark vil vere meir negativ. I tillegg vil eit leveområde for ein forvaltningsmessig relevant art (svartstrupe) verte kraftig redusert. Den samla belastninga vil verte redusert dersom ein nyttar avbøtande tiltak utover anleggsfasen.

I dette prosjektet vil det vere naturleg med tiltak i anleggsfasen som reduserer den påverknaden anleggsarbeidet vil ha på vassdraga slik at ein hindrar spreining av forureining som kan vere skadeleg for naturmiljøet.. Inngrep i viktige naturområde må vere så små som råd. I tillegg kan restaurering og tiltak i vassdrag verte aktuelle. Aktuelle tiltak skal gjennomførast og kostast av tiltakshavar.

Det vil vere naudsynt med avbøtande tiltak for å redusera verknadene på naturmiljøet i planområdet. Nokre tiltak må takast med i prosjekteringsfasen, til dømes tiltak knytt til fisk i Angeltveitvassdraget. Inngrep og arealbeslag må reduserast i områder som er viktige, til dømes ved naturbeitemarkane på Kolltveit, og mot kystlyngheia og rikmyra ved Morland.

Avbøtande tiltak vil verte skildra meir detaljert i YM-planen. Det er i planføresegnene sikra at tiltak og retningslinjer i YM-planen skal følgjast.

ROS-analyse

ROS-analysen konkluderer med at 26 hendingar er aktuelle. Spesielle avbøtande tiltak for dei aktuelle hendingane er innarbeida i planframlegget eller i varte teke i lovverket. I ROS-analysen er det utgreidd for korleis reguleringsplanen tek omsyn til risikoen for dei aktuelle hendingane i planområdet og korleis den førebygger negative konsekvensar for liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar. Sjå elles vedlagt ROS-analyse.

Erverv av grunn- og andre eigedomar

Det er mange eigedommar som vert råka av reguleringsplanen. For gjennomføring vil det vere naudsynt med eigedomserverv. Det vil også vere kostnader ved flytting ein nettstasjon og kabling av 132 kV.

Under følgjer ein oversikt over eigedommar som vert særleg påverka av planframlegget:

- Gnr 30/93,131 her står ei hytte og tre uthus. Denne må rivast som følgje av planen.
- Gnr 28/53 her står ei hytte og ein liten kai. Eigedommen vert liggande nedsida av den nye brua over Fjæreidpollen. Eigedommen vert redusert som fritidseigedom.
- Gnr 33/247 kor det nye veganlegget tek noko areal på eigedommen.
- Gnr 27/139, 566, 261, 333, 492 og 305 kor ny rundkøyning mot industriområda på Ågotnes tek areal frå eksisterande parkeringsplassar og lagringsområder ute som er knytt til næringsdrift.
- Gnr 24/4, 142, 91 og 93 kor felles avkøyrse må flyttas på grunn av veganlegget. Eigedomane får lengre tilkomstveg.
- Nettstasjon på gnr. 27/49 på Ågotnes må flyttast.
- Del av 132 kV-høgspenteledning må kablast frå noko sør for krysset på Ågotnes sør og til transformatorstasjonen på Ågotnes.

Offentleg ettersyn:

Planframlegget vart første gong handsama i komité for plan og utvikling i sak KPU.95/18, og lagt ut til offentlig ettersyn i tida 14.12.2018 - 1.2.2019. Det har til saman kome inn 21 merknader kor av 10 frå offentlege instansar og 11 frå private, sjå kapittel **Error! Reference source not found.** i planskildringa.

Dei offentlege uttalene er i hovudsak meir generelle enn dei private, både når det gjeld geografisk område og problemstilling. Dei er gjennomgåande positive og har ikkje vesentlege merknader til planen med unntak av Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune som vegeigar gjekk til motsegn til planforslaget bl.a. grunna manglande utgreiing av 2-feltsveg og plankryssing ved Ågotnes sør. I samband med høyring

av planframlegget gjorde Hordland fylkeskommune ved Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) slikt vedtak i møte 19.03.19:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit - Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som medfører unødige kostnader og som ikkje er i tråd med arbeidet for nullvekstmålet.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.206 ikkje er følgt opp. Grunna manglande utgreiing av 2-felts veg og plankryssing ved Ågotnes sør kan ikkje utvalet sjå at alternativa knytt til vegløysingar er tilstrekkeleg opplyst.

Føresegna § 6.1 må endrast slik: Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur som svarer til fylkeskommunen sitt vedtak. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Det er positivt at det vert tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg på Kolltveit og Ågotnes, og kryssingspunkt med eksisterande vegar. Planen er likevel ikkje tydeleg på at det er lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg som ei heilskapleg løysing, slik fylkesutvalet har som føresetnad i sitt vedtak. Dette må synleggjerast i det vidare planarbeidet.

4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling legg til grunn at reguleringsplanen set av nok areal til ein eventuell framtidig firefelts veg, og at det detaljregulerast for tofeltsveg.

Etter vedtaket har det vore dialog og fleire møter om motsegna mellom Hordland fylkeskommune, Statens Vegvesen og Fjell kommune. I dialog med fylkeskommunen er det utarbeida tilleggsdokumentasjon om m.a. 2-feltsveg Dette gjeld:

- Illustrasjon og C-teikning av 2-feltsveg utan midtdelar og med plankryss Ågotnes sør
- Skildring av 2-feltsløysing og vurdering av trafikktryggleik i 2-feltsløysing
- Kostnadsberekning av 2-feltsløysing samanlikna med regulert 4-feltsløysing
- Dokumentasjon av gang- og sykkelløysing i planframlegget

Fylkeskommune har vurdert tilleggsdokumentasjonen som tilfredstillande i møte 3.10.2019, og har formelt trekt motsegn i brev datert 14.11.2019.

I oppdatert plan er 2-feltsveg skildra som ei mogleg løysing innanfor regulert areal. Tilleggsdokumentasjonen er innarbeid i planforslaget jf. kapittel **Error! Reference source not found.** i planskildringa om 2-feltsveg og kapittel **Error! Reference source not found.** om gang- og sykkelveg. Føresegnene er endra slik at vegeigar kan velje kva vegløysing ein vil bygge.

Dei private uttalene varierer frå ønskje om betre/andre løysingar på eller forbi eigen eigedom, og til advokat/konsulentuttaler på vegner av private grunneigarar.

Statnett er oppteken av tilhøvet til 300 kV høgspenteledning Litle Sotra – Kollsnes og at ein tek omsyn til denne i samband med etablering av veganlegget. Innspela frå Statnett er innarbeida i planen og føresegnene slik dei har peika på.

Nokre av næringsaktørane på Ågotnes meiner at den regulerte kryssløysinga (rundkøyring) Ågotnes nord er underdimensjonert og ikkje i tilstrekkeleg grad ivareteke framtidsetta heilskapsløysingar for Ågotnes. Dei gjer framlegg om at den nordre delen av planen vert

omarbeidd med sikte på å etablere ei ny kryssløysing som erstattar rundkøyring og tverrforbindelse gjennom eksisterande industriområde til Bleivassvegen. Med bakgrunn i innspelet har sivilingeniør Helge Hopen utført ei kapasitetsberekning av rundkøyninga på Ågotnes nord, jf. vedlegg 19. Berekninga viser at rundkøyninga har tilstrekkeleg kapasitet ved 0-vekst og normal trafikkvekst i lang tid framover. Ein har oppretthalde kryssløysinga på Ågotnes nord slik den er regulert. Ved framtidige endringar av føresetnadene, som etablering av regionalhamn og auka trafikk, må ein løyse dette i ein framtidig reguleringsplan for næringsområdet.

Fleire av merknadsskrivarane er på generelt grunnlag oppteken av verknadene av vegen vil få m.a. for naturmiljø, klima og målet om 0-vekst i biltrafikken. Vidare at planen ikkje er i tråd med regionale og nasjonale føringar.

Innspela reiser interessante problemstillingar kring framtidig utvikling og bruk av kommunen sine arealressursar inkl urørde naturområde. Innspela er først og fremst relatert til vegprosjektet ny fv 561 Kolltveit- Ågotnes i sin heilskap, men også indirekte til detaljreguleringsplanen.

Slik sett så kan ein sei at innspela burde vore sett fram i tilknytning til handsaming av kommunedelplanen for vegen til Ågotnes. Framlegget til reguleringsplan for ny fv561 er utarbeida med grunnlag i godkjent kommunedelplan med konsekvensutgreiing. Det er gjennom arbeidet med kommunedelplanen trasevalet for ny veg vart fastsett.

I nokre få av merknadene tek ein opp problem med aukande støy frå vegen og at ein ønskjer at det vert etablert støytiltak. I høve til støy så skal tilrådingane i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442 (2016), følgjast. Eventuelle avbøtande støytiltak vil verta vurdert i byggeplanfase i samråd med grunneigar.

Etter høyringa har ein som følge av godkjent reguleringsplan for Valderhaugane B6. – Ågotnes funne det naudsynt å justere kryss med Vestsidvegen slik at ein oppnår tilstrekkeleg avstand mellom kryssa i samsvar med krava i vegnormalane. Slik den opphavlege planen låg desse to kryssa for nært einannan. Grunneigar er informert om justeringa og har ikkje hatt merknad til denne.

Ein har også funne det rettast at områda mellom vegen og byggeføremåla på vestsida av vegen nord for Landrovegen på Ågotnes vert endra til byggeføremål i samsvar med gjeldande tilgrensande reguleringar. Alle byggeføremåla i planen er elles generelt ei vidareføring av tilgrensande byggeføremål. Områda var sett av som vegareal i kommunedelplanen for vegen. Dette er ikkje naudsynt når vegen no er planlagt i detalj.

Ei kort oppsummering av innkomne merknader og rådmannen sine vurderingar av desse går fram av matrise som er vedlagt saka. Merknadene ligg og som vedlegg til saka.

Oppsummering av dei viktigaste endringar etter offentlig ettersyn:

Plankartet:

- Det er lagt inn nye kulvertar under vegen på Kolltveit. Illustrasjon av traktorveg er forlenga og vist i plankartet.
- Det er lagt inn to nye kulvertar mellom Fjæreidpollen og Ågotnes.
- På Ågotnes er områda mellom vegen og byggeføremål på vestsida av vegen endra til byggeføremål i samsvar med gjeldande tilgrensande regulering.
- Kryss til Vestsidvegen er justert.
- Det er lagt føresegsområde #12 og #13 over automatisk freda kulturminne.
- På Ågotnes er Gang og sykkelveg GS-veg o_SGS7 er justert slik at den er plassert minst 5 meter frå 300kV høgspennmast.

Reguleringsføresegnene:

- I § 3.7 er varslingsplikt for arbeid nær straumførande linje (høgspent) presisert og i §10.4 er krav til godkjenning av arbeid nær høgspenteledning sikra.
- Paragrafane 6.1 og 6.5 er endra med omsyn til krav om å følgje vegnormalen N100 og ved detaljprosjektering.
- Paragraf § 6.4 er presisert slik at gjennomføring av byggetrinnsløysing på Kolltveit er sikra.
- Det vert sikra at det kan byggjast traktorveg gjennom areal regulert som annan veggrunn SVG mv. på Kolltveit.

Det er i tillegg gjort andre mindre endringar og presiseringar i føresegnene som ikkje endrar innhaldet i føresegnene.

Planskildringa er oppdatert og utdjupa på fleire områder punkt i samsvar med endringar i planen etter offentleg ettersyn.

Mellom anna er kap 3.2 supplert med tekst om 2-feltsveg i samsvar med krav frå fylkeskommunen. Det er også teke inn eit nytt kapittel 4.5 om offentleg ettersyn og nytt kap 4.6 om motsegna frå fylkeskommunen. I tillegg er det gjort ei rad mindre tillegg, endringar og presiseringar.

Vurdering:

Planframlegget legg til rette for utbygging av ny fylkesveg mellom Kolltveit og Ågotnes. Den nye vegen vil avlaste dagens fylkesveg, som i framtida vil verte nytta av lokaltrafikk i området.

Den nye vegen vil vere eit heilt nytt samferdsleanlegg med heilt andre og betre kvalitetar enn det ein til no har vore vane med, noko som vil kome alle innbyggjarar i denne delen av kommunen, andre reisande, næringsliv også vidare til gode. Vegen vil vere med på å auke potensialet for ei god samfunnsutvikling som ikkje berre er fokusert på samferdsle, men også områdeutvikling i nordre deler av kommunen.

Kollektivsatsing

Framlegg til reguleringsplan er ei satsing på kollektivtransport og gang og sykkel, og er i tråd med nasjonale og regionale forventningar til 0-vekst av personbiltrafikken. Fjell er per i dag ikkje ein del av område som fell inn under «Byvekstavtalene», som er eit verkemiddel for å få fleire reisande over på kollektiv, sykkel og gange, men deltek i forhandlingar om ein utvida avtale som inkluderer omlandskommunane.

Planframlegget vil etter rådmannen si vurdering legge til rette for å styrke løysingar for kollektivtransport. Med ny fylkesveg vil ein skilje lokaltrafikk frå gjennomgangstrafikk. Ein får moglegheit for at ekspressbussane kan køyre den nye vegen, medan lokale bussruter vil kunne gå på eksisterande vegnett. Ein vil slik få eit betre kollektivtilbod både for lokale reisande og for gjennomgangsreisande.

I planen er det lagt opp til kollektivhaldeplassar slik at ekspressbussar kan nåast frå Kolltveit, Morland, Fjæreide og Ågotnes. På Ågotnes vil plassering av ny kollektivterminal bli eit sentralt tema. Med vekst i befolkninga og arbeidsplassar på Ågotnes og Kolltveit vil ein etter trafikkprognosane truleg få ei auke i biltrafikken. God tilrettelegging av ekspressbuss på nytt vegnett og lokale ruter på eksisterande vegnett vil avbøte dette. Planen legg vidare til rette for nye gang- og sykkelveggar på Ågotnes og Kolltveit. Det er også gjort vurderingar av gang- og sykkelveg på eksisterande vegnett med tilrådingar om tiltak som vil betre standard og kunne auke bruk av gang- og sykkelveg på kort sikt.

I planen er området som er nytta til kollektivterminal på Ågotnes og parkeringsplass langs Landrovegen fjerna. Denne planen løyser ikkje ny lokalisering av desse funksjonane, dette må gjerast i ein framtidig plan for Ågotnes sentrum.

Val av standard

Reguleringsplanen legg til retter for bygging av 4-feltsveg, men er samstundes utforma slik at ein kan som eit første steg berre bygge to felt. Dette er utdjupa nærare gjennom ekstra planmateriell som er utarbeida i tilknytning til arbeidet med å løyse mottsegna frå fylkeskommunen.

I denne saka skal ein ikkje ta stilling til om ei skal bygge 2- eller 4-felt på strekninga. Rådmannen er likevel oppteken av å får fram at, dersom ein skal bygge 2-felt som eit første byggetrinn er det særdeles viktig at ein følgjer vegnormalane (N100) med omsyn til etablering av midtdelar og forbikjøringsfelt Dette er viktig av omsyn til trafikktryggleik og effektiv avvikling av trafikken. En 2-feltsveg med midtrekkverk og forbikjøringsfelt er i utgangspunktet ein sikker veg der ein unngår møteulykker. Men med mykje tungtransport vil forbikjøringsstrekningane verte det svake punkt og stader med høy fart. Det er difor liten tvil om at veg med 4 felt vil være den mest trafikksikre løysninga.

Rådmannen meiner også at det er sterke argumenter for å bygge eit 2-planskryss ved Ågotnes sør. Eit 2-planskryss vil kunne utformast slik at det er naturleg for dei som skal vidare til næringsområdet å fortsette til neste kryss, slik at vi skjermar Ågotnes sentrum for uønskt trafikk og oppfyller intensjonen i KDP for Ågotnes. Denne trafikken kan vi styre mykje betre ved å bygge eit 2-planskryss slik krava tilseier. Trafikktryggleiksmessige omsyn tilseier også at det er rett å bygge 2-planskryss ved Ågotnes sør.

Terrengtilpassing

Det nye veganlegget vil vere eit stort inngrep i urørte område. Rådmannen er difor nøgd med at planframlegget legg stor vekt på landskapstilpassing, kvalitet og heilskap. Vidare at det nye veganlegget skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og områda rundt, og at eksisterande vegetasjon så langt det er mogleg vert teken vare på.

Ein må vere klar over at vegkryssa og brua over Fjæreidpollen er store anlegg som vil prege både landskapet og nærmiljøa. Vegen elles vil for det meste verte bygd i natur- og kulturlandskap og vil endre dette, samt dele landskapsområda i to på kvar side av vegen.

Vegen vil føre til nokre store terrenginngrep, men krav til overgangar og bearbeiding vil redusere den negative verknaden av terrenginngrepa når det har gått eit stykke tid. Formingsrettleiaren som er utarbeidd for utforming av konstruksjonar, sideareal og revegetering vil vere rettleiande for den vidare detaljprosjekteringa. Formingsrettleiaren er etter rådmannen viktig for heilskapen i området.

Sentrumsutvikling

I planarbeidet har ei hatt særleg fokus på Ågotnes sentrum og konsekvensane ein ny veg vil få for sentrumsutviklinga her. Det er i planframlegget lagt opp til at næringstrafikk skal køyra utanom Ågotnes sentrum og direkte inn i næringsområdet lengre nord. Miljølokket på Ågotnes opnar for vidare sentrumsutvikling, kor ein knyt skuleområdet saman med resten av Ågotnes sentrum. Dette vil vere positivt for Ågotnes at ein kan binde saman sentrum på tvers av den nye vegen på denne måten. Korleis området kring lokket skal utviklast må løysast i ein framtidig plan for Ågotnes sentrum.

Samla vurdering av veganlegga

Hovudmålet med planframlegget er å få ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkåre frå Ågotnes til Kolltveit og vidare mot Sund og Bergen. Det er særleg næringstrafikken til dei store industri- og næringsområda på Ågotnes, Kollsnes og Sture som krev en ny veg av god standard.

Planframlegget legg til rette for å få ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkåre frå Øygarden og nordre delar av Fjell inn mot rv 555 og vidare mot Bergen. Det er eit av måla med det nye vegsystemet. Med ein ny og betre veg vil lokaltrafikk og næringstrafikk vert skilt. Det vert god kapasitet på vegane og tilhøva for næringstrafikken vert monaleg betre, noko som kan bidra til at fleire næringar ønskjer å etablere seg på Ågotnes og lenger nord i Øygarden. Det er også viktig med tanke på at det kan verte etablert storhamn i Ågotnes området. Dersom planane om ny hamn vert ein realitet vil den nye vegen vere svært viktig i samband med den auka godstrafikken etableringa vil medføre.

Det er mange eigedommar som vert råka av reguleringsplanen og som må avstå grunnareal eller får andre ulemper som følgje av vegutbygginga. Samla sett er det likevel liten negativ konsekvens samanlikna med den auka næringsaktiviteten ein kan oppnå som følgje av ein ny fylkesveg.

Kostnader

Det er store kostnader knytt til realisering av det planlagde vegen og rådmannen vil peika på at nord-sør-vegegane på Sotra fv560 og fv 561 har fått prioritet 1 i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet som fylkeskommunen ser det som særskilt viktig å ruste opp i neste 12 årsperiode.

Etter rådmannen sitt syn vil desse vegane vere særskilt viktige samanbindingsvegar i den nye store kommunen vest for Bergen.

Nye Øygarden kommune må arbeide aktivt for å få på plass ei finansieringsløyse for bygging av vegen. Kostnadene til bygging av dette vegprosjektet vil som sagt verte høge. Finansieringa av prosjektet er krevjande og usikker og rådmannen reknar med at vegen truleg må delfinansierast med bompengar.

Prosjektet er ikkje prioritert eller omtalt nærare i RTP og tilhøyrande investeringsprogram, men fylkeskommunen som vegeigar vil truleg vere open for dialog rundt vidare vurdering av prioritering og finansiering av vegutbygginga. Det vert den politiske og administrative leiinga i nye Øygarden kommune må følgje opp dette.

Ein må også vurdere om det kan vere tenleg å får vegen om klassifisert til riksveg som følgje av etablering av storhamn på Ågotnes.

Oppsummering

Rådmannen har prøvd å gjere saksopplysningane i denne saka mest mogleg informativt. Saksframstillinga er difor vorte heller omfattande. Det er likevel slik at det er mykje om informasjon om planane som det ikkje har vore mogleg å inkludera i saka, og som ein må gå til det omfattande planmaterialet for å finne svar på.

Planframlegget svarar på målsettingane i KDP frå 2009 og Rådmannen vil avslutningsvis trekke fram nokre sentrale punkt:

Planen vil vere premissgivande og avgjerande for vidare utvikling av næringsaktivitet på Ågotnes, Kollsnes og Sture. Planen legg til rette for betre framkomme, den styrkar trafikktryggleik, og den avlastar sekundærvegane og sentrum av Ågotnes.

Planen og gjennomføring av denne utgjør eit avgjerande bidrag for å styrke kollektivandelen i denne delen av kommunen, nye Øygarden og Bergensregionen. Det står igjen eit arbeid med å planlegge ny kollektivterminal på Ågotnes, men med denne planen er premissa for val av ny lokalisering lagt. Kommunen vil følgje opp dette i vidare planarbeid på Ågotnes og ønskjer her eit godt samarbeid med fylkeskommunen, Skyss og lokalt næringsliv.

Planframlegget slik det er lagt fram bygger opp under regionale planar og arealdelen Fjell kommune, ved å styrke Ågotnes og Øygarden som regionale og nasjonale næringsklynger og slik legge til rette vidareutvikle ein attraktiv bustad- og næringsregion.

Dei samfunnsmessige fordelane ved å få ein ny veg av god standard, samt ringverknadene det kan få for næringsaktivitet og attraktivitet for busetting vert vurdert som større enn dei negative konsekvensane av planframlegget.

Samla sett meiner rådmannen at planframlegget som no er til slutthandsaming, presenterer eit samferdsleprosjekt med høg kvalitet for alle trafikantgrupper. Når det står ferdig bygd, vil det bety ein heilt anna tryggleik og mykje betre framkome for dei som skal ferdast her.

Rådmannen har ikkje funne grunnlag for innvendingar mot reguleringsplanen slik den no ligg føre, og tilrår at planen vert vedteken med dei endringane som er innarbeidd i planen og føresegnene. Endringane er gjort i samråd med Statens vegvesen og endrar ikkje hovudføremål eller intensjonar med planen. Så langt ein kan sjå, er føresetnaden for å nytta eigengodkjenning i samsvar med §12-12 i plan- og bygningslova til stades.